

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - A23	14/653

Saknr	Utval	Type	Dato
043/2014	Formannskapet	PS	10.06.2014
028/2014	Kommunestyret	PS	19.06.2014

Leksehjelp i grunnskulen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Frå 1. august 2014 vert følgjande ordning med leksehjelp innført i Masfjorden kommune: Alle elevar i 5.-10. klasse får tilbod om leksehjelp 1 eller 2 gonger for veka. Som ei overgangsordning får elevane i 3. og 4. klasse tilbod om leksehjelp skuleåret 2014-15.

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta

Formannskapet gjorde i møte 23.01.2014 følgjande vedtak: «Masfjorden kommune støttar departementet sitt framlegg om endring av § 13-7a i Opplæringslova og tilhøyrande forskrift». Spørsmålet om endring av lovteksten som gjeld leksehjelp, var då ute på høyring, og formannskapet gjekk inn for ein meir fleksibel bruk av midlane til leksehjelp.

No har regjeringa lagt ein proposisjon «Prop 68 L (2013-2014)» fram for Stortinget. Framlegget der er at § 13-7 i Opplæringslova skal lyda slik: «Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen». I si grunngjeving skriv regjeringa at dei åtte timane kvar kommune har til leksehjelp, kan fordelast fritt på 1.-10. årssteg. «Dette gir kommunene og de private skolene fleksibilitet og handlefrihet til selv å bestemme innretningen av leksehjelpen på bakgrunn av lokale forhold og vurderinger».

Vurdering

I rådmannen si vurdering i samband med høyringsrunden står det: «Rådmannen vurderer det slik at det er fornuftig å fordela timane til leksehjelp også på andre klassesteg enn småskulen. Dette har vore omsnakka heilt sidan dagens ordning kom i kraft. Småskuleelevane er dei som har minst lekser og dei som mest naturleg vil spørja om og få hjelp til leksene heime. Det har til dels vist seg vanskeleg å sysselsetja småskuleelevane med lekser den timen dei har til leksehjelp pr. veke. Både på mellomsteget og ungdomssteget er krava til heimearbeid større. Samstundes er det ikkje alle foreldre som har høve til å hjelpa borna sine med lekser når dei er komne på ungdomssteget. Dersom departementet sitt framlegg går igjennom, vert det opp til kommunen som skuleeigar å avgjera korleis dei åtte timane til leksehjelp skal fordelast på klassestega og korleis tilbodet skal organiserast. Om ikkje kommunestyret har klåre synspunkt på korleis det skal gjerast, vil den einskilde skule få ansvar for å organisera tilbodet. På Sandnes skule hadde ein vinteren 2012 ei ordning med leksehjelp for ungdomsskuleelevar. Det var foreldra som tok initiativ til ordninga og som

gjennomførte opplegget. Oppslutnaden var god og mange fekk god hjelp til å gjera oppgåver dei ikkje ville klart åleine».

På Matre skule har ein prøvt ut å gje leksehjelp til elevar på mellom- og ungdomssteget. Også der med godt resultat.

Meininga frå Stortinget si side er at elevane skal få 2 timar leksehjelp pr. veke. Så langt har det lege inne i rammetilskotet til kommunen ei overføring tilsvarande 8 timars leksehjelp pr. veke. Det er ikkje kome signal om at dette skal aukast. På den andre sida seier regjeringa at det ikkje er noko i veggen for at kommunen kan utvida ordninga med leksehjelp, men då må kommunen dekkja kostnaden sjølv. Frå skulane er det kome signal om at overgangen frå småskulen til mellomsteget (5. klasse) er ei kritisk tid for elevane. Arbeidsmengda aukar mykje, og det blir fleire fag som krev mykje lesing. Like eins er det for somme elevar ein stor overgang frå mellomsteget til ungdomssteget. Samstundes bør me ikkje ta leksehjelpa frå dei elevane som har hatt slik hjelp i småskulen, og brått la dei stå utan tilbod. Rådmannen vil difor tilrå at me gjev tilbod om leksehjelp frå og med 5. klasse. Men som ei overgangsordning vil elevane få leksehjelp også i 3. og 4. klasse skuleåret 2014-15. (Skuleåret 2015-16 vil dette berre gjelda 4. klasse). Dei åtte timane me har, vil eigentleg berre dekkja 4 årssteg. Men dersom me har to grupper på småskulen/mellomsteget og to grupper på ungdomssteget, vil me likevel ikkje bruka meir enn 8 timar i veka.

Konklusjon

Frå 1. august 2014 vert følgjande ordning med leksehjelp innført i Masfjorden kommune: Alle elevar i 5.-10. klasse får tilbod om leksehjelp inntil 2 timar for veka. Som ei overgangsordning får elevane i 3. og 4. klasse tilbod om leksehjelp skuleåret 2014-15.

Formannskapet - 043/2014

FS - behandling:

Rådgjevar Alf Strand var tilstades og svara på spørsmål.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

FS - vedtak:

Frå 1. august 2014 vert følgjande ordning med leksehjelp innført i Masfjorden kommune: Alle elevar i 5.-10. klasse får tilbod om leksehjelp 1 eller 2 gonger for veka. Som ei overgangsordning får elevane i 3. og 4. klasse tilbod om leksehjelp skuleåret 2014-15.

Kommunestyret - 028/2014

KS - behandling:

Rådgjevar Alf Strand var til stades under denne saka.

Saka vart drøfta og kommunestyremedlemmene stilte spørsmål til Strand.

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

KS - vedtak:

Frå 1. august 2014 vert følgjande ordning med leksehjelp innført i Masfjorden kommune: Alle elevar i 5.-10. klasse får tilbod om leksehjelp 1 eller 2 gonger for veka. Som ei overgangsordning får elevane i 3. og 4. klasse tilbod om leksehjelp skuleåret 2014-15.